

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	Tema: språk og identitet - lytte til og lesa tekstar på svensk og dansk og gjera rede for innhald og språklege trekk - kunne reflektera rundt språk og identitet
Engelsk	Tema: Indigenous Peoples - reading, writing and speaking about the history, culture and languages of Indigenous peoples - using active and passive voice
Matematikk	Tema: Grafar og funksjonar Teikna grafar til eksponentialfunksjonar ved hjelp av grafteiknar (GeoGebra), og bruka grafen til å finna informasjon
Samfunnsfag	Tema: Den kalde krigen - Gjera greie for årsaker til og konsekvensar av den kalde krigen - Kunna trekkja historiske liner fram til i dag - Forklara ulike måtar for å fordele makt og styre eit samfunn - Kunna vurdere den kalde krigen ut frå ulike perspektiv - Forklara kva teknologi har å seia for enkeltmennesket og samfunnet
KRLE	Tema: Urfolksreligionar Gjera greie for og reflektera over religions- og livssynstradisjonar hos samane og andre urfolk
Naturfag	Tema: Seksuell helse - Gjera greie for nokre stadium i svangerskapet og korleis det kan avsluttast - Gi døme på nokre typar prevensjonsmiddel og fortelje korleis dei verkar - Diskutere fordelar og ulemper med ulike prevensjonsmiddel - Gi døme på nokre seksuelt overførbare infeksjonar og kjenne til korleis ein kan få meir informasjon og rettleiing
Kroppsøving	- Utforske eigne moglegheiter til trening - Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktiviteter - Bruke eigne ferdigheiter og kunnskapar slik at det medverkar til framgang for andre - Tema: Volleyball
Kunst og håndverk	Oppgåve: Arkitektur med monotrykk - Kunne bruka materialar og reiskapar på ein god måte og få fram det uttrykket du ynskjer. - Kunne bruka målarpenselen og få fram ulike uttrykk. - Kunne bearbeide eit bilete og få fram kontrastar og skuggar.
Spansk	- snakka om yrker og arbeid - fortelja kva du ønskjer å gjera framtida - utdanning og skulegang i spansktalande land - Peru - Førebuing til munnleg eksamen
Tysk	- Kunna bruka tysk munnleg og skriftleg - Repetisjon av grunnleggjande grammatikk - Kunna presentera og reflektera over framtid, ønskjer og draumar - Læra noko om utdanning i tysktalande land samanlikna med Noreg - Førebuing til munnleg eksamen

Engelsk fordjuping	- Forklara korleis levekåra kan vera veldig ulike internt i USA, med utgangspunkt i "The Blind Side" - Førebuing til munnleg eksamen
Musikk	Laga protestlåt/rap med eigenprodusert lydfil frå Garageband og eigenskriven tekst.
Kantine	Vita kva vurderingskriteria for faget er Planleggja dei praktiske øktene Laga god og ernæringsriktig mat Halda god hygiene Jobba med rekneskap og plakatdesign Gjennomføra sal <i>Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter</i>
Fysisk aktivitet og helse	- Kunne seie noko om korleis fysisk aktivitet bidrar til god fysisk og psykisk helse - Eigentrening
Friluftsliv	Planlegga og gjennomføra eigentur i nærområdet
Design	Redesigna i ulike materiale på ein kostnadseffektiv og miljømedviten måte.

INFORMASJON TIL HEIMEN

Skidag – 5.mars

Torsdag 5.mars skal heile 9 og 10.trinn på skidag til Tjørhom. Bussen går seinast frå skulen kl 08.14 og heimreise frå Tjørhom blir seinast kl 14. Elevane kan velje mellom aking, langrenn eller slalåm. Ved behov for langrennsutstyr må de gi beskjed til kontaktlærar. Elevar som skal stå på slalåm må betale for heiskort (260kr) og eventuelt utleige av utstyr (260 kr). Dette skal vipssast på førehand til skulen på nr 546674.

Hugs varme klede, sitjeunderlag, mat og drikke. Vi gler oss til ein dag i snøen!

DKS – Valp

Den kulturelle skulesekken (DKS) kjem her med rocke-gruppa Valp tysdag 3. mars. Det er ein 45-minutters konsert kl. 10.00 (10AB) og 11.30 (10CD). For meire informasjon gå inn på: VALP | Den kulturelle skulesekken

Prøvemunnleg

På grunn av skidagen flyttar vi prøvemunnleg frå veke 10 til veke 11. Dette gjennomførte vi på slutten av 9.trinn òg. Målet med dette er at elevane skal få erfaring med korleis ein gjennomfører munnleg eksamen. Elevane får då vite kva fag dei skal ha på onsdagen. Då får dei utdelt fagrapport og skal førebu seg. På torsdagane skal dei ha ei rettleiingsøkt med faglærar og trekkje oppgåve. Fredagen blir sjølve gjennomføringsdagen.

Olweusundersøkinga

I veke 10 skal elevane gjennomføra olweusundersøkinga. Informasjon om undersøkinga litt på heimeside.

VURDERINGAR

Veke	Fag, innhald
10	ABC: skriftleg prøve i KRLE
11	Onsdag-fredag: prøvemunnleg for heile trinnet

HEIMEARBEID VEKE 10

Norsk	Les i boka di i 3x20 minutt. Loggfør lesinga. Språk og identitet Skriv 3 avsnitt om kva du hugsar frå temaet språk og identitet frå 9.klasse.
Engelsk	For dei som ikkje hadde denne lekse i veke 7: Complete the task on Teams. Leseframdrift on the text "Australia - The Land Down Under" For dei som har gjort leseframdrift allereie: Fill in the missing words from the text "Indigenous Peoples". Available on ON
Matematikk	Eksponentialfunksjonar Gjer oppgåvene på GeoGebra Oppgåveboka s. 90, oppg. 2.147, 2.148 Oppgåveboka s. 140, oppg. 1 og 2 (Repetisjonsoppgåver) Ta med regelbok og «Grunnboka 10» heim. Sjå på eksempel når du skal løysa oppgåver
Samfunnsfag	Sjå del 5 av NRK-serien «Kald krig 1945-1989». Den ser på Den Kalde Krigen frå eit norsk perspektiv: Kald krig - NRK TV Skriv ein oppsummering av episoden på One Note på minst 100 ord.
KRLE	Urfolksreligionar ABC: førebu deg til skriftleg prøve. Prøven vil vera i den siste undervisningstimen klassen har i veke 10.
Naturfag	Tema: Seksuell helse Les med studieteknikken BISON på emnet Seksuell helse i Solaris 10, side 140 - 160 eller på Aunivers.no
Spansk	Korleis har vinterferien din vore? Skriv 4 setningar om kva du har gjort og 2 setningar om kva du syntest om det. Prøv å binda setningane saman til ein samanhengande tekst.
Tysk	Førebuing til skriftleg vurdering. Tysdag veke 12 (sjå ON, vurdering, veke 11-12) Skriv eit avsnitt om kva du har gjort i vinterferien og kva du vil gjere i påskeferien (hugs å bruke hjelpeverbet «werden»). Ver klar til å snakke om det i tysktimen på torsdag.
Musikk	I lærarinndelte grupper skal de lage ein protestlåt/rap. Følg oppgåveteksten på OneNote. Sørg for progresjon. Del produksjonen digitalt internt i gruppa, slik at arbeidet ikkje stopper opp om nokon er fråverande.

Kantine	Planlegging og rekneskap
---------	--------------------------

HEIMEARBEID VEKE 11	
Norsk	Les i boka di i 3x20 minutt. Loggfør lesinga.
Engelsk	Complete this task: Listening skills – Aunivers Write your answers on ON
Matematikk	Matematiske modeller Oppgåveboka s. 92, oppg. 2.149, 2.150
Naturfag	Tema: Seksuell helse Gjer oppgåve 1, side 161 “Tren omgrep - menstrasjonssyklusen”
Tysk	Hjemmearbeid – Woche 11
Musikk	I lærarinndelte grupper skal de lage ein protestlåt/rap. Følg oppgåveteksten på OneNote. Sørg for progresjon. Del produksjonen digitalt internt i gruppa, slik at arbeidet ikkje stopper opp om nokon er fråverande.
Kantine	Produksjon
Friluftsliv	Presentera eigentur (onsdag 11.mars)